

Fra: Alvar Melvær <alvar-m@online.no>
Sendt: 12. juni 2015 18:22
Til: Haug Ingrid; NVE
Emne: Tilleggsfråsegn: 2 søknadar om bygging av Jølstra kraftverk i Jølster kommune, Sogn og Fjordane.

NVE

Konsesjonsavdelinga

Jølstra kraftverk. Tilleggsfråsegn etter synfaringa 28.05.2015:

Vi viser til hovudfråsegna vår av 22.09.2014 som gjeld framleis. Dette er berre mindre tilleggsynspunkt.

Om friluftsliv/rafting: Frå ein av grunneigarane vart det under synfaringa hevda at rafting hovudsakleg går føre seg oppstrøms Tongahølen, og at strekninga nedanfor er lite viktig for rafting. Dette stemmer absolutt ikkje med dei opplysningane vi har fått. Heile strekninga frå Jølstravatnet til inntaksbassenget for Stakaldefossen vert mykje brukt. Strekninga frå Eikås ungdomshus (der møtet i framkant av synfaringa var) og nedover til inntaksbassenget for Stakaldefossen skal - etter det vi har fått opplyst - vere ei spesielt fin elvestrekning for rafting, kanskje/truleg den beste i heile elva.

Om vassføringa i elva nedstrøms inntaket til Stakaldefossen kraftverk:

Stakaldefossen kraftverk har låg slukevne, 28 m³/s om vi ikkje tek feil. (Dette veit NVE heilt sikkert.) Slukevna er dermed klårt mindre enn middelvassføringa i elva. Dette fører til at det blir overløp - og til dels store overløp - over dammen i anslagsvis 200 dagar pr. år. (NB! Tal dagar vil sjølvstøtt variere ganske mykje frå år til år.) Vi såg dette tydeleg på synfaringsdagen. Overløpet var så stort at elva rann stor og brusande på heile utbyggingsstrekninga for Stakaldefossen kraftverk. **Men viss Sunnfjord Energi si utbygging hadde vore i drift på synfaringsdagen, ville elva på utbyggingsstrekninga for Stakaldefossen kraftverk vore fullstendig tørr.** Det ville ikkje runne ein dråpe vatn over dammen. Dette er ein stor og alvorleg negativ konsekvens av Sunnfjord Energi sitt prosjekt som vi ikkje kan sjå har vore omtala i konsesjonssøknaden. (Vi håpar at vi ikkje har oversett noko.) Denne konsekvensen gjeld spesielt landskap, men også mellom anna livet i elva på den aktuelle strekninga. Det er klårt at denne ikkje omtala negative konsekvensen for Sunnfjord Energi sitt prosjekt, favoriserer Nordkraft sitt prosjekt. Men vi meiner framleis det same som vi skreiv i hovudfråsegna vår: **Ingen av prosjekta bør få konsesjon!**

Viss NVE skulle vurdere å gje Sunnfjord Energi sitt prosjekt konsesjon, meiner vi at det i samband med det, som avbøtande tiltak, må stillast krav om slepping av ei betydeleg heilårleg minstevassføring i Stakaldefossen. Dette kan gjerast på 2 måtar:

1. Som del av ein eventuell konsesjon til Jølstra kraftverk, vert konsesjonsvilkåra for Stakaldefossen kraftverk endra, slik at det vert innført slepping av (ei betydeleg) heilårleg minstevassføring seinast frå det tidspunktet då eit eventuelt Jølstra kraftverk vert sett i drift.
2. Konsesjonsvilkåra for Stakaldefossen kraftverk vert tekne opp til revisjon snarast med sikte på å innføre nye, reviderte konsesjonsvilkår seinast frå det tidspunktet då eit eventuelt Jølstra kraftverk vert sett i drift.

Vi kjenner ikkje dei juridiske sidene av saka godt nok, og ber NVE vurdere dette. Viss NVE meiner at alternativ 2 er den juridisk sett mest korrekte måten å gjere det på:

Set vi herved fram krav om snarleg vilkårsrevisjon for Staldefossen kraftverk!

Venleg helsing

for Sogn og Fjordane Turlag

Naturvernutvalet

Alvar Melvær

Tlf. 57 82 69 05